


# – Dei sa eg burde slutte med det tullet eg heldt på med



**Mangfald:** – Folk her i landet kan godt ta innover seg at vi er mange slags nordmenn, og har vore det lenge, også før innvandringa på 1970-talet starta, seier Bente Imerslund.

## MINORITETSSOGE I ei årrekkje har Bente Imerslund samla folk sine forteljingar om å vere nasjonal minoritet i det østersjøfinske området. Det har ikkje alltid blitt tatt godt imot.

HELENE HOVDEN HAREIDE  
OG CHRISTIAN BELGAUX (FOTO)

“Folk vil gjerne lære språk som engelsk og fransk, men vel du å lære finsk, så vert du spurt kva i all verda du skal med det. Det er liksom ikkje noko stas.

Ei tynn stripe eggsmør renn langs brødet Bente Imerslund held i handa, medan ho snakkar om makttilhøva som gjer at nokre språk får høgare status enn andre, og spesifikt om kva som gjer at finsk har blitt nedvurdert i Noreg. På bordet mellom oss står ein stabel med rynkete rugbakverk, kjent som karelske pirogar. Dette brødet står gjerne på bordet til både fest og kvardags i eit heilt kulturområde som Noreg er knytt til, men som dei færraste nordmenn er medvitne om: det østersjøfinske.

For Imerslund, derimot, har dette kulturområdet stått på dagsorden i over femti år av livet hennar. Det starta då ho kom til Nord-Noreg som ung finsklærer på 1970-talet og oppdaga at språket ho hadde lært seg med slik entusiasme, var forbunde med skam der. På den tida var det knapt ti år sidan forbodet mot å nytte finsk/kvensk i undervisninga hadde blitt oppheva i Noreg.

– Eg møtte mange menneske som ikkje ville innrømme at dei forstod språket, og som vart provoserte over å bli kalla for kvener, fortel ho.

– Det var jo eit skjellsord på den tida. For mange, særleg i Aust-Finnmark, er det slik framleis, dei føretrekker å bli omtala som norskfinnar.

### Mange slags nordmenn

Å samtale med den pensjonerte finsklæraren Imerslund er som å bli vikla inn i eit epos, å la finske *Kalevala*, der stadig nye trådar vert trekte mellom landområde eg ikkje visste var forbundne, og fargerike menneska ho har intervjuet, går inn og ut av forteljinga. *Kalevala* vart samla av legen Elias Lönnrot, og i likskap med han har Imerslund i ei årrekkje reist rundt i det østersjøfinske området, i landa Noreg, Sverige, Estland og Russland, og fått høyre eit mylder av menneske sine historier om å vere nasjonal minoritet – enten dei har blitt det på grunn av at nye landegrensar har blitt trekte, eller ved at slektningane deira ein gong har innvandra. Resultata av dei mange intervjuet er samla i boka *Kvener, skog-*

*finner, tornedalinger, karelere, vepsere og ingermanlandsfinner. Onhan meitä vielä! Jo visst finnes vi!* som kom ut i fjor, og som no ligg på bordet ved sidan av bollen med eggsmør til pirogane.

Imerslund, som er fødd og oppvaksen i Løten på Hedemarken, har ikkje noko form for finsk bakgrunn sjølv. Kvifor har ho eigentleg via store delar av livet sitt til dette prosjektet?

– Det er viktig å få fram mangfaldet synest eg. Eg er så lei av den norske nasjonalismen, at vi liksom er best på alle måtar, det er trøytande. Folk her i landet kan godt ta innover seg at vi er mange slags nordmenn, og har vore det lenge, også før innvandringa på 1970-talet starta.

### Statusspråk i Russland

Kva er eigentleg det østersjøfinske? Kort forklart er det ei språkgruppe som har fått namn frå det største folkeslaget i gruppa, finnane. Området dei som snakkar desse språka bur i, er mykje større enn Finland: Det strekker seg frå ishavet i nord til Estland i sør, og frå Moskva-området i aust til norske Finnskogen i vest. Imerslund har reist og møtt menneske i heile dette området. Karelske pirogar har stått på bordet overalt, og ho har kunna gjere seg forstått med finsken sin i møte med dei ulike språka. I Nordvest-Russland er det snakk om tre variantar: vepsisk, karelsk og ingermanlandsfinske.

– Eg vart sjokkert då eg fyrst oppdaga at det fanst ein skule midt i St. Petersburg, med tusen elevar som las finsk, fortel Imerslund, som etter kvart vart merksam på endå fleire skular med finskelevar i den russiske millionbyen.

– Det var også overraskande å kome til Petrozavodsk, i russiske Karelen, og oppdaga alt som fanst av aviser, radiokanalar og kulturtilbod på dei østersjøfinske minoritetsspråka der. Det er noko heilt anna enn i Noreg, der det er langt mellom journalistane med finsk kultur- og språkkompetanse, meiner Imerslund, og legg til:

– For mange russarar er Finland eit land med betre levekår, så å lære seg språket kan vere ein måte å klatre på. Det gjer at finsk har mykje høgare status som språk enn i Noreg.

### Katastrofalt

Imerslund er lite imponert over korleis Noreg har varetatt dei to østersjøfinske minoritetane her i landet: skogfinnane og kvenene/norskfinnane. Ein ting er fornorskingspolitikken dei har vore utsette for, men heller ikkje seinare års oppgjer med dette er den tidlegare finsklæraren nøgd med.

– Det skogfinske museet i Hedmark, til dømes, har blitt heilt katastrofalt handsama av norske myndigheiter, meiner Imerslund, som overnatta på museet i samband med eit kulturarrangement der i fjor haust.

– Det var eksotisk for meg å få sove på flatseng der, innimellom hundrevis av pappkartongar, stolar av møblar og overfylte bord i eit gammalt og knirkande skulebygg. Men dette er altså museet deira. Då er det ikkje så sjarmerande lenger.

– *Norsk skogfinsk museum består vel av fleire ulike bygg, på ulike stadar?*

– Ja, det stemmer, dei har massevis av gamle hus og badstuer som er ein del av det. Det er jo det som er så spesielt med det skogfinske, at dei har tatt vare på så mykje av den materielle kulturen sin, seier Imerslund, og forklarar at det motsette er tilfellet i Nord-Noreg, der storparten av kvenske bygningar vart brent under andre verdskrig.

### BENTE IMERSLUND

➔ Pensjonert lektor og forfattar med finsk/kvensk som hovudområde

➔ Har gitt ut læreverk i finsk for nordmenn og kvenske namnebøker frå Nordreisa

➔ Kom i fjor med boka *Kvener, skogfinner, tornedalinger, karelere, vepsere og ingermanlandsfinner. Onhan meitä vielä! Jo visst finnes vi!* på Orkana forlag.

– Men dette bygget eg snakkar om, er sjølve museumsbygget. Eg har snakka med dei som driv det, og dei har vore fortvila lenge, dei er ikkje nøgde med korleis skogfinsk arv vert forvalta, meiner Imerslund, som no knyter eit svakt håp til lovnaden om fem millionar til nytt museumsbygg, som kom med på haustens statsbudsjett.

### Nytt teater

Kor mange som har østersjøfinsk bakgrunn i Noreg, er svært usikkert, men det som finst av tal, tyder på at det er snakk om ein stor del, særleg i Nord-Noreg. I ei helseundersøking i 1987 svarte over 18 000 vaksne personar i Finnmark, altså 25 prosent av folkesetnaden, at dei hadde finsk eller kvensk bakgrunn.

– *Kva er skilnaden på dei to gruppene, skogfinnar og kvener?*

– Skogfinnane er etterkomarar etter innvandrarakar frå midtre Finland, som kom til Noreg på 1600-talet, og dreiv med svedjebruk, fortel Imerslund, og forklarar at mange av dei busette seg så langt vest som i Finnemarka mellom Drammenselva og Tyrifjorden. Det er likevel i området kjent som Finnskogen i Hedmark at kulturen har blitt best tatt vare på. Der levde språket fram til midten av 1900-talet, då den siste som nytta det døydde.

– I Nord-Noreg er historia litt meir samansett, held Imerslund fram.

– Riksgrensene vart ikkje dregne der før i 1751, og mange av finnane som budde i landsdelen, vart ein minoritet etter det. I tillegg har mange kome som arbeidsinnvandrarakar seinare.

I motsetnad til skogfinsk er kvensk framleis levande og fekk status som offisielt minoritetsspråk i Noreg i 2005.

– Det er ein variant av finsk som liknar svært på den som vert snakka rett over grensa, i Tornedalen i Sverige, fortel Imerslund, som også har intervjuet mange i lokalsamfunna der. Mellom dei mange kunstnarane ho har snakka med, er forfattaren Mikael Niemi, som er tornedalinger, og snakkar det kvensk-liknande språket *meänkieli*. Såpass like er språka at mange argumenterer for å slå dei saman til eitt. Samarbeidet på tvers av grensa mellom dei som brukar det finst allereie: Det nystarta kvenske teateret i Nordreisa, *Kvääniteatteri*, som skal ha sine fyrste førestillingar i år, har til dømes lært mykje av svenske Tornedalsteateret.

### Ny-kvener

Det er ikkje slik at initiativa for å styrke skogfinsk eller kvensk kultur alltid blir sett pris på av dei det er retta mot. Imerslund har også møtt negative reaksjonar på tidlegare arbeid ho har gjort med å kartlegge kvenske stadnamn og personnamn i Nordreisa kommune, der ho var busett i 41 år.

– Eg hugsar eg vart invitert på kaffi hjå ei i Nordreisa som var stolt over å vere mellom dei i bygda som ikkje kunne språket. Ho var liksom litt finare enn andre på grunn av det, fortel Imerslund, og forklarar at dette var ei kvinne som hugsar ei tid då kvensk språk var mykje meir utbreitt i Nordreisa enn no.

– Ho gav meg klar beskjed om at det allereie fanst ei bygdebok, og sa at eg burde slutte med det tullet eg heldt på med. Ein annan ringde meg opp og bad om at han og syskena skulle fjernast frå bokmanuset.

Fleire av dei Imerslund har snakka med som no reknar seg som kvener eller skogfinnar, var uvitande om denne bakgrunnen fram til ganske seint i livet. «Ny-kvener», omtalar ho dei som.

– *Kvifor bør ein lyfte fram denne bakgrunnen hjå menneske som ikkje visste at dei hadde den?*

– Eg tenkjer at det kan ha verdi både for den enkelte og for samfunnet vårt. Mange av dei historiske spela om skogfinsk eller kvensk bakgrunn sluttar med at ein også tek inn menneske med andre hudfargar. Dei som er vane med å tenkje fleirkulturelt, er også meir opne for å rekne med somaliarar, afghanarar og andre grupper frå ulike stadar i verda. Eg er oppteken av at kategorien *nordmenn* skal romme meir enn den gjer i dag. [helene@hareide@morgenbladet.no](mailto:helene@hareide@morgenbladet.no)

## Det skogfinske museet i Hedmark har blitt heilt katastrofalt handsama av norske myndigheiter.

BENTE IMERSLUND